
Fra: Irene Nærbø Wilhelmsen
Sendt: tirsdag 5. juni 2018 14:47
Til: Torbjørn Sætre
Kopi: Byggesak Lindås; Teknisk Lindås; Kjetil Eikefet; Linda Hammersvik Folkestad; Rune Kilen
Emne: SV: Skodvin skule
Vedlegg: Skodvin Montessoriskule - avkøyrslø parkeringsplass.pdf; Søknadsskjema avkjørsle.pdf; Skjema disp byggegrense kommunal veg.pdf

Hei Torbjørn,

Lindås kommune v/vegavdelinga vil kunne godkjenne avkøyrslø til ny parkeringsplass for Skodvin Montessoriskule slik vedlagt situasjonskart syner.

Etablering av ny parkeringsplass føreset at grunneigar har gitt skriftleg samtykke til grunn. Det føreset óg at dagens parkering berre vert nytta som «kiss and ride», for å sleppe av og på elevar ved levering og henting, når den nye parkeringsplassen er ferdig.

Parkeringsplassen må ha ein gitt avstand til vegen slik at tilkomst for køyretøy berre vert via avkøyrsla.

Det vil krevje at Skodvin Montessoriskule søker kommunen om etablering av tiltaket.

Søknaden med vedlegg må sendast inn til Lindås kommune, pr. e-post til

postmottak@lindas.kommune.no

Eventuelt kan den sendast/leverast i brevs form til:

Postadresse

Lindås kommune v/postmottak
Kvernhusmyrane 20,
5914 Isdalstø

Leveringsadresse

Lindås kommune – Kundesenteret
Kvernhusmyrane 41,
5914 Isdalstø

Søknaden må innehalde:

- Søknad om tiltak (etablering av parkeringsplass)
- Utfylt søknadsskjema om avkøyrslø (ligg vedlagt)
- Utfylt søknadsskjema om dispensasjon frå byggegrense til kommunal veg (ligg vedlagt)
- Situasjonskart som syner avkøyrsla og størrelsen på parkeringsplassen.
- Samtykke frå grunneigar

Informasjon finn du og på www.lindas.kommune.no, [vegavdelinga](#) og [byggesaksavdelinga](#)

Gjer merksam på at minimumskravet til personilparkering i kommunedelplanens arealdel (KPA) er 1 plass pr. årsverk for barne- og ungdomskule.

I tillegg bør det etablerast HC parkering og gjesteplassar for å unngå parkering langs den kommunale vegen.

Når det gjeld etablering av særskilt fartsgrense – 30km/t er det ein prosess som skal godkjennast av både politi og Statens vegvesen.

Kommunen jobbar vidare med den saka og det pleier dessverre å ta litt tid.

Kommunen har og planlagt fart- og trafikkmåling på strekninga forbi skulen. Målinga vil bli tatt over ein periode på 14 dagar i september/oktober.

Ha ein fin dag!

Beste helsing

Irene Wilhelmsen | Ingeniør - vegavdelinga

E-post: irene.wilhelmsen@lindas.kommune.no | **Telefon:** +47 56 37 54 98 | **Mobil:** +47 994 66 658

Kundesenter: +47 56 37 50 00 | **Heimeside:** www.lindas.kommune.no



Fra: Torbjørn Sætre [<mailto:tosatr@gmail.com>]

Sendt: 1. juni 2018 12:22

Til: Irene Nærbø Wilhelmsen

Emne: Re: Skodvin skule

Hei Irene,

Viser til hyggelig telefonsamtale i dag vedrørende vei og parkering ved Skodvin Montessoriskule.

Fint om du som avtalt kan sende ei kort oppsummering på dei neste steg og sette retningen for vårt vidare arbeid.

Med ønske om ei riktig fin helg.

På vegne av styret i Skodvin Montessoriskule,

Mvh

Torbjørn Sætre

2018-03-14 13:17 GMT+01:00 Kjetil Eikefet <Kjetil.Eikefet@lindas.kommune.no>:

Hei.

Vegavdelinga har sett av **torsdag 5.april kl 0930** til synfaring ved Skodvin skule. Frå vegavdelinga stiller Irene Wilhelmsen i tillegg til underteikna.

Sender med eit kart i målestokk 1:1000 og eit i målestokk 1:500

Dei kan brukast ved ein eventuell søknad eller til å teikne å forklare under synfaringa.

Elles er det ikkje noko me ynskjer i forkant.

Gje meg ei melding om tidspunktet ikkje passar.

Mvh

Kjetil Eikefet | Fagleiar - veg

E-post: kjetil.eikefet@lindas.kommune.no | **Telefon:** +47 56 37 54 98 | **Mobil:** +47 47635709

Kundesenter: +47 56 37 50 00 | **Heimeside:** www.lindas.kommune.no



Fra: Torbjørn Sætre [mailto:tosatr@gmail.com]

Sendt: mandag 12. mars 2018 20.19

Til: Kjetil Eikefet

Emne: Skodvin skule

Hei Kjetil,

Viser til hyggelig telefonsamtale i dag vedrørende felles synfaring for å saman sjå etter gode løysingar for å betre "billogistikken" ved Skodvin skulen.

Fint om du undersøkar i kalender og gir ei tilbakemelding med ei passende tidspunkt, og eventuelt om det er noko ønska forarbeid frå vår side.

mvh

Torbjørn Sætre